


Sykylven kommune

OSE AS  
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta  
Tlf 70 04 52 20  
firmapost@oseing.no

[oseing.no](http://oseing.no)

Vår ref.: P1875 Dato 13.09.2023

## Planinitiativ til detaljplan Kursetstranda rorbu, gbnr. 54/66 mfl. – Sykkylven kommune



Figur 1: Lokalisering av planområdet i Hundeidvika, synt med blå stipla linje.

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
2.	Planstatus .....	2
3.	Konsekvensutgreiing.....	3
4.	Administrativ eller politiske avklaringar .....	4
5.	Føringar for planarbeidet .....	4
6.	Framlegg til plangrense.....	5
7.	Presentasjon planideen.....	5
8.	Tiltaket sin verknad på landskap og omgivnad.....	6
9.	Vesentlege interesser som blir råka av planarbeidet.....	6
10.	Funksjonell og miljømessig kvalitet .....	6
11.	Medverknad/samarbeid/interessekonflikt .....	6
12.	ROS, samfunnstryggleik .....	7
13.	Analyser/utgreiingar.....	7
14.	Fagkunnig.....	9

# 1. Innleiing

## 1.1 Planinitiativ

Etter [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl.](#) skal det utarbeidast planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte etter pbl. § 12.8. Planinitiativet skal i nødvendig grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, og gjere greie for punkta i § 1 til forskrifa.

## 1.2 Lokalisering

Planområdet ligg i Hundeidvika, mellom sjøen og Kursetstranda, nord for ferjekaia, i Sykkylven kommune.

## 1.3 Bakgrunn

Planinitiativet er med bakgrunn i å regulere til rorbu og naust, med tilkomst frå offentleg veg.


Initiativtakar: Grunneigarar innanfor planområdet.

Plankonsulent: OSE AS

## 1.4 Målet med planen

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Rorbu og naust med nødvendige funksjonar
- Tilkomst til offentleg veg
- Sikring/avklaring av automatisk freda kulturminne
- Sikre avkøyrsle til kommunal veg



Figur 2 Lokalisering av planområdet, markert med blå avgrensing

# 2. Planstatus

## Overordna planar

Planområdet har formål naust (oransje farge) og NFFF (natur, fiske, friluftsliv og ferdsel) (blå farge) i kommuneplan sin arealdel for Sykkylven. Svart skravur syner omsynssone bandlegging for automatisk freda kulturminne. Mot sør er det sett av areal til næring (fiolett).

Det er under utarbeiding ny kommuneplan, den har nyleg vore ute til offentleg ettersyn, der planområdet hadde framlegg til ny arealbruk; rorbu. Det er ikkje kome motsegn til endra arealbruk, det blir difor starta regulering parallelt med arbeidet med kommuneplanen for rorbu og naust.



Figur 3 Utsnitt av gjeldande kommuneplan for Sykkylven, med framlegg til plangrense over, synt med blå stipla linje.

## Reguleringsplanar

Det er ikke regulert innanfor eller ved planområdet.

## Dispensasjon/vedtak

Det er ikke gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringer for regulering av planområdet.

## **3. Konsekvensutgreiing**

### **Omtale av tiltaket**

Regulering av eksisterande bygg og tiltak og legge til rette for nye tiltak og bygningar.  
Regulering til naust, rorbu og tilkomst/biloppstillingsplassar, sikring av kulturminne.

### **Vurdering av planarbeidet etter KU-forskrifta:**

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er delvis i samsvar med kommuneplanen sin arealdel for Sykkylven. Pågående rullering av kommuneplanen legg opp til endring av arealformålet innanfor planområdet, det blir opna for rorbu. Sidan det ikke er kome motsegn eller andre negative merknadar til endra arealbruk, vert det lagt opp til parallel regulering med ferdigstilling av arealdelen.

Sidan det vert lagt opp til arealbruk i samsvar med framlegg til ny kommuneplan, vert det vurdert at det ikke er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Eigenskapar for planen/tiltaket:

a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet femnar om areal som har vore nytta til sjøbruk, naust og vorar. Planområdet er avgrensa av arealbruken i overordna plan. Arealet er på om lag 7,5 daa.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert ikke lagt opp til bruk av naturressursar, planområdet er delvis bygd ut, lite av naturmark eller anna å ta vare på.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Det blir ikke lagt opp til avfallsproduksjon eller utslepp.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikke auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikke medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø.

- b. Planen vil ikke medføre tiltak som vil skade truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det ligg ei gravrøys delvis innanfor planområdet, den skal i planen sikrast med omsynssone og arealbruk.
- c. Planen/tiltak kjem ikke i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona. Det er i overordna arealplan lagt opp til utbygging innanfor planområdet.
- d. Det vert ikke lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka eller dyrkbart. Planen vil ikke få negative konsekvensar for landbruksdrift.
- e. Det blir ikke lagt opp til særleg auka miljøbelastning.
- f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.
- g. Planen vil ikke gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
- h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er liten. Må avklare grunnforhold i området og sekundærverknad av fjellskred - tsunami.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikke medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

### Konklusjon

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan Kursetstranda rorbu gbnr 54/66 mfl. ikke utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

## 4. Administrativ eller politiske avklaringar

Det er ikke gjort administrative eller politiske avklaringar.

## 5. Føringar for planarbeidet

Lov og forskrift

- Plan- og bygningslova (pbl.)
- Forskrift til pbl.
- Naturmangfaldlova
- Forskrift om konsekvensutredning
- Forureiningslova
- TEK17

Føringar for planområdet:

- Nasjonalt
  - [Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#)

[RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen](#)

## Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

### Statlige planretninglinjer for klima – og energiplanlegging og klimatilpassing

- Regionalt

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 – 2024

Regional delplan for klima og energi

Regional delplan for attraktive byar og tettstadar

- Kommunalt

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
  - Kommuneplanen sin arealdel/arealdel under rullering

## **6. Framlegg til plangrense**

Plangrensa følgjer areal sett av til naust i kommuneplanen sin arealdel mot aust og nord, mot vest er det teke med sjøareal sett av til natur, fiske, friluftsliv og ferdsel, for å sikre at nødvendig areal til brygge/vorar blir med. Mot sør er det eigedomsgrenser som blir nytta. Arealet for planområdet er på omlag 7,5 daa.

### **6.1 Verknad utanfor planområdet**

Planområdet er delvis bygd ut, det vil vere mogleg å byggje ut noko fleire bygningar – naust/rorbu. Planområdet ligg i skråning ned mot sjøen, som er brattast nærmest kommunevegen, med høgdeforskjell 9 – 10 m. Eksisterande og eventuelle ny bygg og tiltak vil på grunn av dette gje lite tap av utsikt for bustadar som ligg langs kommunevegen, som ligg 1 – 2 meter høgare enn kommunevegen.

Landskapsverknad av planen vil vere liten sidan det er små bygningar som vil vere aktuelt å føre opp, og det er bygd ut i området frå før.

## **7. Presentasjon planideen**

Bakgrunn for regulering

Regulere eksisterande naust og tilrettelegging for å byggje naust, rorbuer, eventuell felles bryggje og sikre tilkomst til offentleg veg.

Bygningar, anlegg og tiltak

Tilrettelegging for fleire naust/rorbuer, eventuell felles bryggje.

Utbyggingsvolum; byggjehøgde og utnytting

Byggjehøgde og utnytting i samsvar med kommuneplanen som er under rullering:

Rorbu: 1.etasjen utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der andre etasjen er innreidd for overnatting og opphold, med maksimal gesimshøgd inntil 6,5 m og mønehøgd inntil 8,5 m. Utnyettingsgrad inntil 50 m<sup>2</sup> BRA per etasje i to etasjar.

Naust

Mønehøgd inntil 5 m mot sjø. Utnyettingsgrad inntil 50 m<sup>2</sup> BRA.

Verknad på og tilpassing til landskap og omgivnad

Det blir sett krav til estetikk, materialbruk, fargeval og utforming av nye bygg for å tilpasse utbygginga til landskap og omgivnad.

Utviklingsfasar

Det blir vurdert/omtalt i planomtalen korleis området skal utviklast.

Rekkjefølgjekrav

Det blir ikkje lagt opp til rekkjefølgjekrav. Nødvendig veg og teknisk infrastruktur er bygd ut for planområdet.

## 8. Tiltaket sin verknad på landskap og omgivnad

Tiltak innanfor planområdet vert vurdert å få liten verknad på landskapet sidan det er eksisterande tilkomst, bygningar og tiltak innanfor planområdet, og det ny utbygging vil vere hovudsakleg innimellom eksisterande bygningar.

## 9. Vesentlege interesser som blir råka av planarbeidet

Det er ikkje vesentlege interesser som blir påverka av planarbeidet.

## 10. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Plandokumenta vil gje vurdering av samfunnstryggleik, klimatilpassing, biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø m.m.

## 11. Medverknad/samarbeid/interessekonflikt

Medverknadsstrategi

Behov for medverknadsmøte blir vurdert etter varsling av oppstart av planarbeid.

Interesser/interessentar som blir råka av plan

- Naboar
- Offentleg mynde

Varsling av planarbeid

I samband med oppstart av planarbeid skal varsel sendast til:

- Statens vegvesen
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- NVE
- Fiskeridirektoratet
- Kystverket
- Straumen nett AS
- ÅRIM
- Sykkylven kommune
- Naboar

## **12. ROS, samfunnstryggleik**

Statsforvaltaren si sjekkliste blir nytta, med samandrag i eige kapittel i planomtalens tema som er aktuelle å ta omsyn til er klimaendringar, naturfare, trafikk, forureining, havnivåstigning/stormflo og grunnforhold. Ikkje uttømmande.

## **13. Analyser/utgreiingar**

Moglege utgreiingar:

Grunnforhold – geoteknikk

Planområdet ligg under marin grense, det må gjennomførast utsjekk av grunnforholda under marin grense. Kan vere tilstrekkeleg med dokumentasjon av fjell i dagen i og ved planområdet.

Grunnforhold – forureina grunn

Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor planområdet.

Skred

Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemråde eller fareområde for skred i bratt terreng.

Flaum/stormflo

Det må gjennomførast vurdering konsekvensar av stormflo/havnivåstigning, blir vurdert i planomtalens. Planområdet ligg ikkje ved bekk/vassdrag, ikkje fare for flaum.

Trafikkutgreiing

Trafikk blir estimert og vurdert i planomtalens.

Vegsystem

Vurdering av dimensjoneringsklasse, frisikt, vegnormal, avkøyrslle i planomtalens.

Støyutgreiing

Det er lite trafikk og låg fartsgrense langs Kursetstranda, og tiltak med støyfølsam arealbruk vil ligge minst 15 m frå communal veg. Det vil ikkje vere behov for støyutgreiing.

Kulturmiljø og kulturminne

Det er registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Blir sikra med arealføremål og omsynssone bandlegging. Om det blir krav om arkeologisk registrering blir avklart i samband med varsling av oppstart av planarbeid. Det er ikkje registrert nyare tids kulturminne i eller ved planområdet.

Klimatilpassing

Vurdering av konsekvensar av klimaendringar i planomtalens.

Vatn-, avløps- og overvasshandtering

Avklarast i dialog med kommunen, omtale i planomtalens, eventuell VAO-plan. Overvatn direkte til sjø.

## **Bygningsmiljø og -volum**

Utnytting og volum i samsvar med framlegg til ny kommuneplan. Det kan vere aktuelt med 8 – 10 nye bygg, delt på rorbu og naust. Fordeling avklart i planomtalen/føresegner.

## **Kaianlegg**

Regulere eksisterande anlegg, mogleg tilrettelegging nytt fellesanlegg.

## **Friluftsliv**

Truleg små konsekvensar sidan området ikkje er så lett tilgjengeleg, det er ikkje gjennomgang gjennom planområdet i strandsona på grunn av næringsareal sør for planområdet. Vurdering av konsekvensar for friluftsliv i planomtalen.

## **Strandsone**

Planlagt tiltak vil medføre konsekvensar for strandsona, må vurdere eventuelle avbøtande tiltak.

## **Naturmangfald**

Det er ikkje registrert truga eller sårbarer artar, viktige naturtypar, verneområde eller liknande i eller like ved planområdet. Planområdet ligg i utkanten av område som er registrert som funksjonsområde for hjort. Blir vurdert i planomtalen.

## **Landskapsverknad**

Planen vil leggje opp til mindre tiltak, små bygningar og mindre terrenginngrep. Konsekvensar av tiltaka blir vurdert i planomtalen, med eventuelle avbøtande tiltak.

## **Utfylling i sjø**

Det vert ikkje lagt opp til utfylling i sjø. Det kan vere aktuelt med felles brygge.

## **Barn og unge**

Truleg små konsekvensar sidan området er lite brukt og det er langt til større bustadområde. Vurdering av konsekvensar for barn og unge i planomtalen.

## **Folkehelse**

Vurdering av konsekvensar for folkehelse i planomtalen.

## **Landbruk**

Blir vurdert til å medføre små negative konsekvensar, ikkje dyrka eller dyrkbart areal. Vurdering av konsekvensar for landbruk i planomtalen.

## **Handelsanalyse**

Ikkje behov.

## **Stadanalyse**

Ikkje behov, vidareføring av tidlegare reguleringsplan.

## 14. Fagkunnig

OSE AS

OSE er rådgjevande ingeniørar og arkitektar innanfor bygge- og anleggsteknikk, landskapsarkitektur, arealplanlegging, forprosjektering VAO, prosjekt- og byggeleiing, taksering og verdsetting av fast eigedom. OSE har rådgiving i tidleg fase og komplett prosjektering av alle fag i samarbeid med andre kvalifiserte føretak. OSE har 20 tilsette fordelt mellom fire tenesteområde:

- Plan og arkitektur
- Byggjesak og uavhengig kontroll
- Byggjeteknikk og prosjektstyring
- Taksering av skader og eigedom

Prosjektleiar

Arealplanleggar Bjarte Friisvold vil stå for planarbeidet. Bjarte har master i arealplanlegging frå UMB 2010. Etter utdanninga har han jobba i ulike kommunar og starta i OSE AS hausten 2017. Bjarte har allsidig erfaring med planarbeid, kompetanse med offentleg og privat planarbeid, kommuneplanar, områderegulering, detaljregulering, konsekvensutgreiing og dispensasjonar.

Med helsing



Bjarte F Friisvold

Seksjonsleiar PA/Arealplanleggar

Mob 974 89 987 / e-post: [bjarte@oseing.no](mailto:bjarte@oseing.no)

[Oseing.no](http://Oseing.no)

Vedlegg

Ulike kart med framlegg til plangrense, datert 13.09.2023

Høyringsutkast føresegner for ny kommuneplan, KpA Føresegner 13.06.2023